

Referat OMRÅDEUTVALET FOR NORDHORDLAND (OUNH)

Tid	Fredag 30.01.2026, kl 09:00 – 12:00
Stad	Region Nordhordland Helsehus, 6. etg, møterom Alver
Møteleiar	Oddvin Neset
	Brucarrepresentant: Jostein Dale (brucarrepresentant frå kommunane i Nordhordland) Evy Knutsen (brucarrepresentant spesialisthelsetenesta) Hovudtillitsvalt: Morten Rognaldsen (LO) Kommunane: Oddvin Arne Neset (Masfjorden, leiar), Tonje Husum Aarland (Modalen), Kristin Ruud Myking (Osterøy), Leni Dale (Alver), Mona Molland (Gulen kommune), Annika Villanger (Fedje kommune), Grethe Korsøen (vara for Anne Hildegunn Færøy, Austrheim) Kommuneoverlegerepresentant: Tor Magnus Soleim (Nordhordland) Fastlegerepresentant: Helse Bergen: Grete Lill Hjartnes, Anne Jorunn Langeland (vara for Maria Vollsæter) Randi-Luise Møgster til kl 10.45 via Teams, Alf Henrik Andreassen Haraldsplass: Rebekka Ljosland, Sekretariat: Elena Sandgathe, Eva Nordnes
Fråfall	Trond Larsen (HVT Fagforbundet), Anne Hildegunn Færøy (Austrheim), Åse Therese Nordstrønen (HDS), Maria Vollsæter, (Helse Bergen), Gunn Mali Steen (Fastlegerepresentant Nordhordland)

Nr.	Saker
1/26	Godkjenning av innkalling, sakliste og referat frå 21.11.2025 Vedtak Innkalling, sakliste og referat vert godkjent utan merknadar.
2/26	Gjennomgang av frå referat frå SSU 10.12.2026 Randi-Luise Møgster orienterte om saker frå SSU-møtet. Saka om representant frå Nav i SSU har vore drøfta i SSU. Partane har hatt ulike synspunkt i saka, og i SSU vart det vedteke at Nav i første omgang blir invitert til møte på hausten for å drøfte vegen vidare. Fastlegesaaka: Retningslina om fastlegerepresentasjon er vedteken i SSU og skal setjast i verk. Andre aktuelle saker frå SSU inngår i dagens sakliste.



3/26	Status handlingsplan v/SSE Handlingsplanen er oppdatert på saman.no. Som orientert om tidlegare blir han oppdatert før kvart SSU-møte, det vil seie fire gonger i året. Revisjon av særavtale for LIS1-samarbeid: Utkastet er klart, og nokre justeringar skal gjerast før avtaleutkastet blir sendt til SSU-møtet i mars for godkjenning. Dersom avtalen blir godkjend i SSU, blir han sendt til orientering i områdeutvala.
4/26	Oppfølging av vedtak i SSU - Korleis skal helsefelleskapet planlegge for å handtere krig? Ny særavtale, og representantar til vidare arbeid (Sjå vedlagt presentasjon) Representant frå arbeidsgruppa, Tommy Nybakk (avdelingssjef Akuttmedisinsk avdeling, AMA), orienterte om utkast til ny særavtale om samarbeid ved høgna beredskap ved tryggingpolitiske kriser og krig, samt oppfølging av denne. Under orienteringa, og i tråd med vedtak frå SSU, vart partane bedne om å melde inn representantar til ei arbeidsgruppe som skal arbeide med kompetanseløft knytt til oppgåvedeling og oppgaveoverføring. Arbeidsgruppa får i oppdrag å utarbeide ein plan for kompetanseheving i fredstid i tråd med særavtalen punkt 2.3. Nybakk presiserte at det er viktig med brei forankring hos partane, slik at avtalen blir gjort kjend ut i linjene. SSE sender særavtalen til områdeutvala for innspel og forankring. Innspel frå Områdeutvalet i Nordhordland: - Det vart stilt spørsmål om kva rolle Haraldsplass diakonale sjukehus og dei andre ideelle aktørane skal ha i ein krigssituasjon, med tanke på areal, kapasitet og ressursar dersom Haukeland universitetssjukehus blir krigssjukehus. Dette blir spelt inn til arbeidsgruppa. - Korleis ivareta informasjon ut til befolkninga? Det blir jobba strukturert med dette, og arbeidet blir ført vidare i undergruppene til arbeidsgruppa. Vedtak: - Områdeutvalet for Nordhordland tek presentasjonen av ny særavtale til orientering og stiller seg bak føreslått oppfølging av vedtak i SSU. - Områdeutvalet for Nordhordland ber partane melde inn representantar til arbeidsgruppa som skal arbeide med kompetanseløft knytt til oppgåvedeling og oppgaveoverføring, og som får i oppdrag å utarbeide ein plan for kompetanseheving i fredstid i tråd med særavtalen punkt 2.3. Frist for innmelding av representant er sett til 15. februar 2026. Representantar frå eksisterande arbeidsgruppe vil, i samarbeid med SSE, bli kalla inn til første møte.



5/26	Vidareføring av nedtrekk i ambulansetenesta i Knarvik Kommunane i Nordhordland gjev uttrykk for misnøye med Helse Bergen si vidareføring av nedtrekk i ambulansetenesta i Knarvik, og prosessen rundt dette. Tommy Nybakk (Avdelingssjef Akuttmedisinsk avdeling, AMA) orienterte om bakgrunnen for nedtrekket og om prosessen. Kommunane vil sende ei skriftleg henvending til Helse Bergen der dei ber om ei skriftleg tilbakemelding med utgangspunkt i det som kom fram i saka i dag. Innspel til saka: • Områdeutvalet bør vere ein arena for kommunikasjon i slike saker, og det er ikkje tilstrekkeleg å berre orientere i UFAB. Det må vurderast vidare kvar informasjon skal drøftast. • Kommunane ønskjer vidare dialog om innhaldet i prehospital plan knytt til akutthjelparordninga, då han ikkje stemmer heilt overeins med det som er reelt i kommunane. UFAB er i prosess med dette arbeidet. Vedtak: Områdeutvalet tek saka til orientering.
6/26	Orientering om Nasjonalt kompetansesenter for helsetjenestens kommunikasjonsberedskap (KoKom)) (Sjå vedlagt presentasjon) Guttorm Brattebø (leiar av KoKom) orienterte om rolla og oppgåvene til senteret, mellom anna rådgiving, utvikling av løysingar for kommunikasjon i helsetenesta, øvingar, kompetanseheving og støtte til samhandling mellom aktørar i helsetenesta. Vedtak: Områdeutvalet for Nordhordland tek saka til orientering.
7/26	Presentasjon av Fedje kommune (Sjå vedlagt presentasjon) Områdeutvalet takkar Annika Tvedt Villanger (kommunalsjef helse og omsorg i Fedje) for presentasjonen av Fedje kommune. Alle partane har no presentert seg. Denne faste posten på møteagendaen har bidrege til større innsikt og forståing for kvarandre sine arbeids- og ansvarsområder. Leiar oppmoda medlemmene i utvalet til å tenkje over til neste gang om ein skal ta posten vidare i eit anna format.



8/26	Opplæring og implementering av ny tenesteavtale 3 og 5 – Samhandlingsseminar. Grete Lille Hjartnes (samhandlingssjef i Helse Bergen) orienterte om saka. Dette er ei viktig samarbeidsavtale som tilsette må kjenne til, særleg i dei områda som blir mest rørte av den nye avtalen. Det vart drøfta korleis avtalen best kan gjerast kjend og implementerast i kommunane og i spesialisthelsetenesta, til dømes gjennom e-læring, webinar eller kurs. Innspel: - Det er ønskjeleg å ha ei storsamling når avtalen er ferdig - Seinare år er det ynskjeleg med mindre samlingar i distrikta. - Webinar (i opptak) som kan brukast som opplæring og orientering - Arbeidsgruppa har gjort eit godt arbeid med informasjonsflyt og innspel frå partane. Dette har bidrege til at avtalen er blitt meir kjend og vil vere nyttig når han skal vedtakast og implementerast.
9/26	Ønske om å etablere et Faglig samarbeidsutvalg for svangerskap, fødsel og barselstid SSE orienterte om saka. Det kom innspel frå kommunane om at det blir oppretta mange utval og arbeidsgrupper, noko som kan vere krevjande med tanke på ressursbruk. Det er viktig å vurdere nytteverdien av utvala som blir oppretta. Jordmortenestene i dei 18 kommunane i helsefellesskapet i Bergensområdet arbeider på ulike måtar, og eit FSU kan bidra til at ein kan inspirere kvarandre i arbeidet. Divisjon psykisk helse ønskjer å vere representert i FSU-et dersom dette blir oppretta. Vedtak: Områdeutvalet for Nordhordland sluttar seg til at det blir meldt sak til SSU om etablering av FSU for svangerskap, fødsel og barselstid. Det bør leggjast inn evalueringspunkt for å sikre at utvalet har nytteverdi som forsvarer ressursbruk.
10/26	Mogleg felles samhandlingsprosjekt om lege-lege samarbeidet: vurdere å søke samhandlingstilskot i lag Helse Bergen orienterte om initiativet til eit mogleg samhandlingsprosjekt, og Områdeutvalet drøfta interessa for dette. Det er eit godt initiativ som blir vurdert å kunne rettast til Medisinsk fagleg utval (MFU).



	Vedtak: Områdeutvalet for Nordhordland stiller seg bak denne vurderinga, samhandlingsmidlar til, men at det er medisinsk fagleg utval som styrer prosessen.
11/26	Status: Region Nordhordland Helsehus 2026 Arealet i Region Nordhordland helsehus er i dag fullt utnytta. Alver kommune leiger kontor som tidlegare stod ledige, etter avtale med RNI. Parkering ved helsehuset: Alver kommune skal nytte grusplassen til oppbevaring av riggar i samband med bygging av Knarvik kloakkrenseanlegg. Når denne prosessen er ferdig, skal det byggjast på plassen. Dette fører til at parkeringa ved helsehuset er betydeleg redusert, og vil skape utfordringar for tilsette og besøkande. I samband med ønsket om å auke bruken av Kunnskapssenteret og Helsehuset til opplæring, kurs og konferansar – og rekruttering av tilsette – må det jobbast vidare med alternative løysingar.
12/26	Orienterings frå partene Orientering frå Helse Bergen er sendt skriftleg. I tillegg til denne informasjonen orienterte Helse Bergen om endringar i radius for mobilt røntgen. Denne har tidlegare vore på 30 minutt, men er no utvida til 60 minutt radius. Dette inneber at Lindås bu- og servicesenter, Velferdssenteret på Manger og Osterøy får nytte seg av mobilt røntgen. Per no er det ikkje sagt noko om ytterlegare utvidingar av radius, men ønsket er stort. Deling av bilete frå dei blir tekne og inn til sjukehuset, er forenkla og fungerer godt. Avisen <i>Strilen</i> har teke initiativ til å lage ein reportasje om helsehuset. Kommunikasjonsavdelinga i Helse Bergen har hatt dialog med journalist og er positive til å setje i gang denne prosessen. Alver kommune støttar også prosjektet, men har ikkje dei nødvendige ressursane til å delta i kommunikasjonsarbeidet som inngår i ein slik prosess. Dette handlar mellom anna om pasienttryggleik. Mottakssenteret i Alver kommune, som det blei orientert om i Områdeutvalet for Nordhordland i november 2025, er ikkje avklart enno. Per i dag har ein privat aktør søkt, og det er varsla at dette kan setjast i verk raskt ved godkjenning. Dette er utfordrande for Alver kommune, men samtidig har dette skjedd tidlegare, og kommunen har gode erfaringar med å gjere raske grep ved behov. Aktuell lokasjon er Vestland hotell.
13/26	Eventuelt Tenesteavtale 13 er sendt til kommunane (postmottak). Det er bedt om fordeling til dei aktuelle avdelingane for innspel. Fristen er 18.02.26.



	Pasienten sine prøvesvar: Skal implementerast slik at pasienten får prøvesvar på Helsenorge. Det er lagt inn forseinkingar og forklarande meldingar til pasientane som mottar prøvesvara, for å hindre at pasientar får svar på prøver utan å ha ein lege å rådføre seg med ved behov. Dette er ikkje på dei kommunale legekontora enno, men det blir jobba med.
--	--

